



# NOTAT

## Stemningsrapport frå landbruket i Sogn og Fjordane

Ove Oklevik

N-NR 1/2008  
Avdeling for økonomi, leiing og reiseliv

[www.hisf.no](http://www.hisf.no)



HØGSKULEN i  
SØGN OG FJORDANE

Postboks 133, 6851 SOGN DAL telefon 57676000 telefaks 57676100

TITTEL	NOTATNR.	DATO
Stemningsrapport frå landbruket i Sogn og Fjordane	1/2008	30/5
PROSJEKTTITTEL	TILGJENGE	TAL SIDER
Stemningsrapport frå landbruket i Sogn og Fjordane		66
FORFATTAR	PROSJEKTLEIAR-/ANSVARLEG	
Ove Oklevik	Ove Oklevik	
OPPDRAKGJEGEVAR	EMNEORD	
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane Landbruksavdelinga Sogn og Fjordane Bondelag Sogn og Fjordane Bonde og småbrukarlag	Framtidsutsikter Dybdeintervju Spørjeundersøking	
SAMANDRAG		
Føremålet med undersøkinga er å kartleggja korleis gardbrukarane i fylket vurderer framtidsutsiktene sine. Vidare ynskjer vi å finna ut kva som er dei viktigaste grunnane til desse vurderingane. Trass i at mange gardbrukarar vurderer framtidsutsiktene som mindre bra, ser likevel dei fleste gardbrukarane føre seg drift på gardsbruket i eit 5 års perspektiv.  Dei viktigaste grunnane til dette er at gardbrukarane er tilfredse med arbeidet sitt og synest at arbeidet har stor verdi.		
PRIS	ISSN	ANSVARLEG SIGNATUR
100 kr	0806- 1696	Karianne B. Bergheim

## Forord

Dette prosjektet er eit samarbeidsprosjekt mellom fylkesmannen i Sogn og Fjordane v/landbruksavdelinga, Sogn og Fjordane Bondelag, Sogn og Fjordane Bonde- og småbrukarlag og Høgskulen i Sogn og Fjordane. Føremålet med undersøkinga er å kartleggja korleis gardbrukarane i fylket vurderer framtidsutsiktene sine. Vidare forsøker vi å svara på kva som er dei viktigaste årsaksforklaringane til desse vurderingane.

Prosjektleiar for prosjektet har vore Ove Oklevik, høgskulektor ved høgskulen i Sogn og Fjordane, som vil nytta anledninga til å takka samarbeidspartane for godt samarbeid under prosjektet. Undervegs har to studentar ved Bachelor studiet i økonomi og administrasjon delteke med tilrettelegging av spørjeskjema data undervegs. Eg vil derfor også retta ein takk til Snorre Ugelstad og Cathrine Hellenes Lunde for arbeidet undervegs.

Sogndal 30/5 2008  
  
Ove Oklevik

# Innhald

Innhald.....	4
Samandrag .....	5
1 Innleiing.....	7
1.1 Bakgrunn.....	7
1.2 Problemstilling .....	7
2 Teori .....	8
3 Metode.....	11
3.1 Fase 1: Kvalitativ forstudie.....	11
3.2 Fase 2.....	12
4 Kvalitativ forstudie .....	13
4.1 Tilfredshet og verdiar i bonde yrket .....	13
4.2 Økonomiske forklaringar.....	17
4.3 Kontroll over omstende og alternative val.....	19
4.4 Rolleforventningar .....	23
4.5 Intensjon om å halda fram som gardbrukar .....	25
5 Kvantitativ hovedstudie.....	27
5.1 Bakgrunnskjenneteikn i utvalget.....	27
5.2 Tilfredshet og verdiar .....	30
5.3 Arbeidstid .....	32
5.4 Økonomiske forhold.....	35
5.5 Framtidsutsikter .....	36
5.6 Hjelp på garden .....	37
5.7 Investeringsbehov .....	39
5.8 Overtaking av gardsbruk .....	44
6 Diskusjon.....	50
6.1 Diskusjon av resultata frå forstudien og hovedstudien .....	50
6.2 Korleis vurderer gardbrukarane i Sogn og Fjordane framtidsutsiktene sine? .....	52
6.3 Kva er dei viktigaste grunnane til vurderingane av framtidutsiktene? .....	52
7 Konklusjon .....	56
Litteraturliste .....	57

## **Samandrag**

Dette prosjektet er eit samarbeidsprosjekt mellom fylkesmannen i Sogn og Fjordane v/landbruksavdelinga, Sogn og Fjordane Bondelag, Sogn og Fjordane Bonde- og småbrukarlag og Høgskulen i Sogn og Fjordane. Føremålet med undersøkinga er å kartleggja korleis gardbrukarane i fylket vurderer framtidsutsiktene sine. Vidare ynskjer vi å finna ut kva som er dei viktigaste grunnane til desse vurderingane.

Studien vart utført i to fasar. På bakgrunn av ein teoretisk modell vidareutvikla frå (Fishbein and Ajzen 1975), vart det utarbeidd ein intervjuguide som grunnlag for ein kvalitativ forstudie. Her vart 12 gardbrukarar etter nærmere spesifiserte kjenneteikn dybdeintervju. På bakgrunn av den teoretiske modellen og resultata frå den kvalitative forstudien, vart eit spørjeskjema utarbeidd. Dette spørjeskjemaet danna så grunnlag for ein postal undersøking retta mot 505 gardbrukarar i Sogn og Fjordane. 228 av desse svarde på undersøkinga, noko som gjer ein svarprosent på 45,1 %.

Undersøkingane synte at gardbrukarane er tilfredse med arbeidet sitt, dei synest også at arbeidet er verdifullt. Ein stor del av gardbrukarane synest dei har for lite fritid. Dersom ein skal rangera problema med fritid, så er kveldsarbeid det minste problemet, helgearbeid eit noko større problem medan det største problemet er manglende ferie.

Mange gardbrukarar i undersøkinga vurderer framtidsutsiktene i næringa som mindre bra. Om lag halvparten er ueinige i påstanden om at ”framtidsutsiktene i næringa er gode”, i underkant av 20 % meiner ikkje så mykje om spørsmålet og resten, om lag 30 % er enige i påstanden. Sjølv om det er ein svak overvekt av pessimisme, er det også ei undergruppe som har svært stor tru på framtida (om lag 5 %).

Trass i at mange gardbrukarar vurderer framtidsutsiktene som mindre bra, ser likevel dei fleste gardbrukarane føre seg drift på gardsbruket i eit 5 års perspektiv. Halvparten av gardbrukarane er sikre på dette og om lag 25 % er svært sikre.

Den viktigaste forklaringa på dette funnet finn vi på punkta tilfredshet og verdiar. Dess meir tilfredse gardbrukarane er og dess meir verdifullt dei vurderer yrket sitt, dess sterkare er intensjonen til å halda fram med drifta. Også økonomiske forhold og kontroll over omstende

er med på å forklare framtidsutsiktene i næringa. Dess betre økonomiske rammevilkår ein gardbrukar har, dess meir sannsynleg er det at vedkomande held fram med drifta. Dette funnet er i samsvar med tidlegare økonomisk forsking på feltet (Gåsdal 1992; Bjørnson 1999). Vidare vert det funne kontroll over omstende kan spela ei rolle. Dess lettar ein gardbrukar får tak i hjelp til gardsarbeidet dess større vil intensjonen vera for å halda fram med drifta.

I studien fann vi ikkje noko effekt av rolleforventningar knytt til overtaking av gardsbruket hadde nokon effekt på intensjon gardbrukarane har til å halda fram med drifta.

Studien viser vidare at det samla investeringsbehovet dei komande åra for landbruksnæringa i fylket ligg på om lag 1,7 milliardar kroner. Truleg vert berre om lag 500 millionar kr av desse investeringane gjennomførte.

# **1 Innleiing**

## **1.1 Bakgrunn**

Dette prosjektet er eit samarbeidsprosjekt mellom fylkesmannen i Sogn og Fjordane og Sogn og Fjordane Bondelag, Sogn og Fjordane Bonde- og småbrukarlag og Høgskulen i Sogn og Fjordane. Høgskulen i Sogn og Fjordane for å finna ut korleis bønder i Sogn og Fjordane vurderer framtidsutsiktene i næringa si. Den litteraturen som eksisterer på feltet har stort sett utspring frå økonomisk forsking (Gåsdal 1992; Weersink 1992; Bjørnsen 1999; Holgersen 2000). Dette betyr at økonomiske variablar, som til dømes *inntekt på gardsbruket, inntekt til ektefelle, storleik på gardsbruk* osv, har vorte studert i denne samanhengen. Datagrunnlaget er stort sett henta frå ulike register. Det finst imidlertid også spørjeundersøkingar. Til dømes brukar Bjørnsen (1999) data frå ei årleg survey undersøking Norsk institutt for landbruksforskning (NILF) utfører i omlag 1000 hushald. Fokuset har som sagt vore på økonomiske forhold, lite er vorte gjort ut frå sosiologiske eller psykologiske perspektiv.

## **1.2 Problemstilling**


Ut frå bakgrunnen skissert over, har vi kome fram til to problemstillingar som vi ynskjer å belysa i dette prosjektet:

1. Korleis vurderer bønder i Sogn og Fjordane framtidsutsiktene i næringa si
2. Kva er dei viktigaste grunnane for desse vurderingane

## 2 Teori

Det teoretiske grunnlaget for prosjektet "Næringsbarometer for bønder i Sogn og Fjordane" er henta frå litteraturen om konsumentadferd. Vi tek her utgangspunkt i ein mykje nytta teori av Isack Ajzen (1985), som vert kalla "theory of planned behavior". Hovudbidraget til denne teorien er at han forklarar intensjon og adferd til konsumentar. Teorien er mest nytta for å forklara kjøpsadferd til konsumentar, men er også mykje nytta for å studera om folk endrar adferd eller intensjonar ut frå ulike påverknader. Påverknaden kan til dømes bestå av reklame, informasjon om helseeskadar av røyking osv.

Eit par av variablane i modellen er justert og tilpassa slik at dei passar til den konteksten vi skal sjå på, nemleg landbruket i Sogn og Fjordane. Figuren under syner den teoretiske modellen.



### Litt om variablane i modellen

I denne studien tenker eg med *intensjon* som den avhengige variabelen. Med intensjon meiner eg intensjon til å halda fram med drifta, endra drifta eller legga ned drifta på gardsbruket. Intensjon er ein mykje nytta avhengig variabel innanfor konsumentforsking. Årsaka til dette ligg i at det ein ofte eigentleg er på jakt etter, er å studera faktisk adferd. Adferd er imidlertid i

praksis svært vanskeleg å måle. I motsetnad til adferd er intensjon lett å måle. Det er vidare solid dokumentert at det er ein sterk samanheng mellom intensjon og faktisk adferd (Fishbein and Ajzen 1975). Vi kan dermed konkludere med at dersom ein gardbrukar har intensjon om å fortsetja drifta på garden slik som i dag, er sannsynligheten ganske stor for at vedkomande faktisk kjem til å gjera dette.

Modellen legg opp til fire uavhengige variablar som då forklarer *intensjon*. Den fyrste av desse er *tilfredshet og verdi*. Tanken her er at dess meir tilfreds ein gardbrukar er med yrket sitt, dess større sannsynlighet er det at han vil halda fram med drifta. Dersom vedkomande vidare opplever at yrket rommar verdiar som ikkje kan målast i pengar, vil også det slå positivt ut. Døme på slike verdiar kan vera forhold som mulighet til å arbeide i eige tempo, når ein sjølv vil, bestemme arbeidsdagen sjølv, kontakt med dyr osv.

Den neste variabelen eg ser på er *økonomiske forklaringar*. Denne er sett saman av dei økonomiske forholda som tidlegare forsking har vist er viktige for om bønder held fram i yrket sitt eller ikkje. Dømer her kan vera investeringsbehov, inntekt, tilskot, kostnader osv. Eit stort investeringsbehov kan til dømes gjera at drifta vert lagt ned. Redusert inntekt eller offentleg tilskot kan gjera at drifta vert redusert, lagt ned eller endra til anna produksjon.

*Kontroll over omstendigheter/ alternative val* seier noko om i kva grad ein gardbrukar kan kontrollera sin eigen arbeidssituasjon. Dersom ein gardbrukar har enkel tilgang på rimeleg arbeidskraft, vil dette kunne utgjera eit viktig grunnlag for inntekta hans. Rimeleg arbeidskraft kan til dømes vera barn, ektefelle, kårfolk, østeuropearar eller ungdomar. Dersom ein gardbrukar har tilgang til ressursar som dette vil han også ha større mulighet til fritid. Vidare vil det lokale arbeidsmarkedet kunne spela ein rolle. Er det slik at det er enkelt å skaffa seg eit alternativt arbeid? I så fall kan sannsynligheten for nedlegging av drifta auka, men på ei anna side vil kanskje ein deltidsjobb ved sida av bruket kunne sjåast på som ei suppleringsinntekt som sikrar vidare drift.

Den siste uavhengige variabelen eg ser på er *rolleforventningar*. I dette ligg at ein vidarefører drifta på garden ut frå kva som vert forventa. Det kan vera vanskeleg å legga ned eit gardsbruk der generasjonane før har lag ned store ressursar. Plikt kan her spela ei rolle. Vidare kan det tenkast at det eksisterer rollekonfliktar. Døme her kan vera spenninga mellom rolla som bonde og rolla i eit moderne familieliv, rolla som bonde og rolla i eit yrkesliv utanfor

garden osv. Rolle konfliktar kan auka sannsynligheten for endringar i drifta. Sterke forventningar frå omgjevnadene kan på den andre sida gjera at drifta held fram.

## 3 Metode

For å svara på dei to problemstillingane over, vert det lagt opp til eit forskings opplegg i to fasar. I fase 1 vert det gjennomført ein kvalitativ forstudie. I denne fasen vil vi kunne opparbeida oss djup kunnskap om korleis nokre utvalde bønder vurderer framtidsutsiktene sine og grunnane til desse vurderingane. I fase 2 testar vi den kunnskapen vi tileignar oss i forstudien på eit breiare utval av bønder. Hensikta med fase 2 er å kunne generalisera resultata. Under fylgjer ei nærare beskriving av korleis dei to fasane er tenkt utført.

### 3.1 Fase 1: Kvalitativ forstudie

Rammene for prosjektet tilseier at vi kan dybde intervjuia 12 bønder. Før vi gjer dette, må konkretisera kva kriteriar som skal ligge til grunn når desse 12 bøndene vert vald. Måten ein gjer dette på er å velga intervjuobjekt ut frå strategiske bakgrunnskjenneteikn. Nokre kallar desse bakgrunnsvariablane for strategiske variablar.

I oppsettet under er det vald 3 strategiske variablar. Desse er: *Storleiken på bruket* (stort, lite), *alder på gardbrukar* (ung, eldre) og *type bruk* (melkeproduksjon, sau, frukt). Som vi ser av tabell 1, har to av variablane 2 kategoriar og ein har tre kategoriar. Dette gjev 12 ulike tilstandar, eller 12 forskjellige typer bønder. Vi intervjuar såleis ein bonde med stort gardsbruk, som er ung og driv med melkeproduksjon. Neste intervjuobjekt er ein bonde med stort gardsbruk, som er eldre og driv med melkeproduksjon osv.

Tabell 1:Kjenneteikn ved intervjuobjekta

	Stort gardsbruk		Lite gardsbruk	
	Ung gardbrukar	Eldre gardbrukar	Ung gardbrukar	Eldre gardbrukar
Melkeproduksjon				
Sau				
Frukt				

### Litt om valget av strategiske variablar

*Storleik på gardsbruk* har mykje å seia for sannsynligheten for om gardsbruket vert lagt ned eller ikkje (Gåsdal 1992; Holgersen 2000). Denne forskninga syner at det er mykje større sannsynlighet for at små bruk vert lagt ned enn store. Årsaken er at lønnsemda er mykje større for store enn små bruk. Noko av forklaringa på dette ligg i at det er høgare avkastning pr time

ein legg ned med arbeid og kvar krone ein investerer dess større bruket er (Gåsdal 1992; Holgersen 2000).

*Alder på gardbrukaren* har vist seg som ein annan viktig forklaring på kvifor bruk vert lagt ned (Gåsdal 1992; Holgersen 2000). Årsaken til dette ligga i at arvingar ikkje alltid vil halda fram med drifta på garden i same omfang som før. Særleg dersom vedkomande som skal overta har utdanning og relevant arbeidserfaring, vil det kunne satsast på anna arbeid som hovudyrke. Denne type problemstillingar vil eldre gardbrukarar stå ovanfor fordi eit generasjonsskifte på garden kan vera nært føreståande. Vi ynskjer derfor i denne studien å samanlikna unge brukarar mot eldre. Ein ung gardbrukar kan definerast som ein bonde under 35 år. Dette kan i utgangspunktet verka som ei litt høg grense, men på den andre sida er det få som overtek gardsbruk i 20 års alderen. Ein eldre gardbrukar definerer vi som ein gardbrukar over 55 år. Eit generasjonsskifte på bruket vil for ein slik gardbrukar kunne aktualisera i løpet av ein 10 års periode.

*Type gardsbruk* er kva som er produksjonsgrunnlaget på garden. Her vel vi å studera dei tre mest vanlege produksjonsformene i landbruksnæringa i Sogn og Fjordane, produksjon av mjølk, sauehald og frukt.

### **3.2 Fase 2**

Fase 2 var ein kvantitativ studie der vi ville testa funna i fase 1 mot eit breiare utval. Hensikta er å kunne generalisera resultata til å gjelda bønder generelt. Etter samtale med næringsorganisasjonane<sup>1</sup> vart det bestemt at det skulle nyttast ei postal undersøking mot eit utval på 500 gardbrukarar i fylket.

Utvalget vert trekt ut frå listene til Fylkesmannens landbruksavdeling i Sogn og Fjordane over kven som har fått tildelt produksjonstilskot i landbruket. Fylkesmannens landbruksavdeling stilte desse listene til disposisjon for undersøkinga. Listene skal behandlast konfidensielt og destruerast etter at undersøkinga er ferdig.

---

<sup>1</sup> Sogn og Fjordane bondelag og Sogn og Fjordane småbrukarlag.

## 4 Kvalitativ forstudie

Fase 1 er ein kvalitativ forstudie. Her dybdeintervjuar vi 12 bønder. Bøndene vart vald ut frå dei kriteria som er diskutert i førre kapittel. Høgskulen i Sogn og Fjordane og Fylkesmannen v/landbruksavdeling valde i felleskap ut aktuelle intervrukandidatar. I forkant av dette vart det utarbeidd ein intervjuguide på bakgrunn av ein studie av litteraturen på området og diskusjon med næringsorganisasjonane, sjå vedlegg 1. Intervjuet vart transkribert (skrevne ut), og analysa i dette kapittelet byggjer på desse intervjuutskriftene. Intervjuobjekta er anonymisert. Den vidare strukturen i kapittelet fylgjer variablane (hovudspørsmåla) i studien. Under kvart hovudspørsmål vert det vidare diskutert om det er nokre systematiske skilnader i forhold til strategiske variablane.

### 4.1 Tilfredshet og verdiar i bonde yrket

#### Tilfredshet og verdiar

Alle intervjuobjekta er svært nøgde med arbeidet sitt som gardbrukar. Det er tydeleg at alle er genuint interessert i drifta si. Her er det ingen skilnader mellom unge / eldre, store eller små brukarar, eller type produksjon. Det som vert trekt fram på pluss sida er å kunne arbeide ute, med dyr, at ungar får kontakt med dyr og vita at ein produserer mat. I tillegg betyr det mykje for mange å vidareføra arbeid som tidlegare generasjonar har bore fram. Eit spesielt døme her er den unge, store sauebonden. Ho seier:

*"Før bestemor døde budde ho i dette huset, medan eg og mann min budde på loftet. Vi brukte mykje tid på å snakka om drifta på garden og korleis denne skulle vidareførast. Det var godt for henne å veta at vi budde i huset og ville fortsetja gardsdrifta"*

Det er ikkje så mange som nemner negative element på dette punktet, bortsett frå eit par av intervjuobjekta som synest det slitsomt at storsamfunnet set så lite pris på innsatsen i landbruket.

Ein verdi kan nevnast spesielt. Den vert ikkje nevnt av intervjuobjekta direkte, men kunne observerast. Dette dreier seg om forholdet til førre generasjon, altså kårfolket. Nokre overtok

gardsbruk etter at far døde plutselig. Andre har hatt kårfolket med seg i gardsdrifta lenge. Det er tydeleg at kårfolket stort sett held seg fysisk aktive gjennom gardsdrifta. Det var også få av kårfolket som hadde lange institusjonsopphald bak seg før dei døde. Dette kan tyde på at livsstilen rundt om på gardane, med mykje fysisk utearbeid, er med på å gje eldre mennesker høg livskvalitet i form av god helse og korte institusjonsopphald.

### Fagmiljø og sosialt nettverk

På dette punktet svara i fleire retningar. Nokre oppsøker fagmiljø bevisst for å læra meir, andre har kome til eit punkt der motivasjonen til å læra meir er vekke. Det er ingen systematiske skilnader mellom produksjonstypane på dette punktet. Dei yngste gardbrukarane har ein større tendens til å oppsøke fagmiljø enn dei eldre. Dette kan også ha samanheng med at ein del av dei eldre ikkje lenger såg behov for fagmiljø, fordi dei følte seg utlærde til sitt bruk. Det er også ein svak tendens til at gardbrukarar med dei største bruken er meir aktive på dette punktet, men her det ein del uvisse fordi vi også finn små gardbrukarar som er eller har vore aktive mot eit fagmiljø. Nokre peikar på verdien av å ha naboor dei kan diskutere ting med, eller rett og slett prate saman med om laust og fast. Landbrukskontora i kommunane er det fagmiljøet som flest gardbrukarar forheld seg til. Dei aller fleste er svært godt nøgde med den tenesta desse kontora yter.

Her må det også nevnast at nokre greier seg svært godt utan fagmiljø, særskilt sauebøndene der berre ein av fire gjer inntrykk av å bruke dette. For melkeprodusentane er forholdet to av fire, og for fruktprodusentane tre av fire. Det mest ekstreme synspunktet kom fra den eldre store sauebonden:

*"Eg trives best i eige selskap. Eg kunne ikkje tenka meg å møta på ein arbeidsplass kvar dag med sure kollegaer. Det beste er å kunne drive på her åleine."*

Dette er imidlertid eit ytterpunkt. Dei fleste oppgjer naboskap som ei viktig kjelde til sosialt liv. Men det sosiale livet består ikkje av endelause "kaffislaberas". Det er like mykje fagprat over gjerdet med naboen, prating under sauesanking osv. Alle dei minste og yngste gardbrukarane har arbeid utanfor garden, enten 100 % eller deltid. Desse får dekka det sosiale behovet gjennom arbeidet. Av dei 12 gardbrukarane som er intervjua, kan ein karakteriseraast som einsam. Dette skuldast til dels at vedkomande har ein kronisk sjukdom og var gjennom ei skilsmiss på midten av 90 talet. Ein av gardbrukarane er svært mykje åleine, men han har

valgt dette sjølv. 4 får dekka sitt sosiale behov gjennom jobben sin. Medan resten byggjer sitt sosiale nettverk i og rundt garden.

### **Variasjon i arbeidet**

Svara på dette punktet er svært eintydige. Alle gardbrukarane synest dei har eit godt og variert arbeid.

### **Å bestemma over eigen arbeidsdag**

Også her svarar alle gardbrukarane eintydig. Alle set svært stor pris på denne kvaliteten. Nokre poengterer imidlertid at det ein ikkje gjer den eine dagen må ein ta igjen den neste. Det å vera sin eigen herre krev at gardbrukaren er strukturert. Det verka ikkje som nokon av gardbrukarane har problem med dette.

### **Fritid, kvelds og helgearbeid**

Det er få av gardbrukarane som har mykje fritid. Dei aller fleste brukar det meste av tida si på garden. Eit unntak er den eldre, store, sauebonden. Han jobbar intensivt i periodar med lamming, våronn, slått sauesank osv. Så tek han livet heilt med ro elles. Den dagen han vart intervjua hadde han teke fjøsstellet. Då intervjuet var ferdig vart han spurde om. Kva er planen din for resten av dagen? Svaret kom resolutt: "Avslapping". Vedkomande brukte mykje tid på å lesa bøker og høyra på P2. Altså livsnyting! Men ikkje livsnyting med pengeforbruk. Han hadde altså lært å setja pris på enkle ting i livet. Denne historia stå imidlertid for seg sjølv. Ingen av dei andre gardbrukarane har det på denne måten. For dei er det heller snakk om å prøve å utnytte den tida som er til rådvelde så godt som mogeleg.

Nokre gardbrukarar gjer uttrykk for at dei saknar fritid. To av melkeprodusentane gjer uttrykk for at å vera butten morgen og kveld alle dagar er slitsomt og at dei saknar å kunne få meir fri. Særleg den eine er sliten av denne rytmen. Kontrasten til dette ligg hjå den unge store melkeprodusenten som er med i samdrift. Vedkomande har fått eit nytt liv etter samdrifta. Han er nede på normalarbeidstid på 37 timer veka stort sett, med unntak av våronn, slåtonn osv. Han får også 14 dagar samanhengande ferie om somaren, noko også kompanjongen i samdrifta hans får. I tillegg er han heilt fri frå fjøsstellet annakvar helg. Dette er ein revolusjon i forhold til kva dei andre melkeprodusentane opererer med. Dei jobbar stort sett heile den tida dei har.

I motsett ende finn vi sauebøndene. Dette er den gruppa som klagar minst i forhold til fritid, men også den gruppa som totalt sett kanskje har minst arbeidsbelastning. Fruktbøndene har det slitsamt i periodar, her seier 2 av 4 at det vert for lite fritid i somarhalvåret. Elles verkar det som om gardbrukarane lever godt med den arbeidsbelastninga dei har. Nokre ektefeller saknar feriar. Helge og kveldsarbeid er lettare å takla. Mange opplever at ferieturen dei har planlagt må skyvast på eller avlysast fordi det står nødvendige arbeidsoppgåver på døra og ventar.

Alle gardbrukarane som lever i parforhold har funne ektefeller eller sambuarar som enten er frå gard eller har tilpassa seg livet greitt. Det vil seia at dei er fleksible og har lært seg livsrytmen og taklar denne godt. Det vart funne berre eit forhold der dette kanskje kan verta problematisk i framtida, men ikkje pr i dag forholdet ikkje er svært etablert. Forholdet til fritid er dermed mindre problematisk enn kva ein kanskje kunne venta på førehand. Faktisk er det for mange nesten umulig å skilje arbeid og fritid fordi dei har lært ein livsstil dei trives veldig godt med. Særleg dei som har arbeid utanfor garden opplever sjeldan gardsarbeidet som stress, men heller som ei kjærkomponert avveksling. Vi kan her sitere den eldre, vesle, fruktprodusenten:

*"Arbeidet som fruktbonde har vore ei svært interessant avveksling frå snikkaryket mitt. Det har vore ein fantastisk fritidsaktivitet, som har gjort at eg har kunne slappa av samstundes som eg gjer noko"*

Med unntak av 1 fruktgardbrukar og to melkeprodusentar er derfor savnet av fritid ikkje prekært. Skal ein halde uregelmessig arbeidstid opp mot ferie, vert mangel på ferie opplevd som det største problemet. Dette gjeld særleg for ektefellar, som opplever at korte turar på 1 veke blir avlyst. Ektefellane er derimot komfortable med arbeidsrytmen, og er også i sterkt grad involvert i gardsdrifta.

Nokre av gardbrukarane ordnar seg slik at arbeidet på garden er ferdig på ettermiddagen slik at dei er med ungane på sein ettermiddagstid og kveldstid. Gardbrukarane er elles svært flinke til å involvere ungane i arbeidet på garden, slik at gardsarbeidet er noko heile familien gjer. Vi kan her sitere den unge store saueprodusenten:

*”Guten vår (4 år) har vore med i fjøsen sidan han var bitte liten. Han likar det svært godt og trivst i saman med sauene. Han får lov til å vera med på alt. Bortsett frå å gå på låven. Når det vert køyrd med traktoren, må han stå heilt i ro til traktorkøyraren har blikk-kontakt med guten, då får han lov til å nærma seg traktoren for å sitja på.”*

### Framtidsutsikter

Alle dei store gardbrukskarane ser føre seg drift i framtida på garden. Den eldre, store fruktprodusenten er noko usikker om drifta held fram på same måte som i dag. Truleg vert det for hans del omleggingar i samband med eigarskifte. Felles for alle dei små brukarane er at dei synest ikkje prisane må gå meir ned eller at tilskota skal verta mindre. Dersom fortenesta går ytterlegare ned, vil dei vurdera nedtrapping eller avvikling. Framtidsutsiktene er derfor mest usikre for dei minste brukarane. Gitt at ikkje fortenesta går ytterlegare ned er dei fleste innstilte på fortsetja som i dag, bortsett frå tre gardbrukskarar. For desse er spørsmålet om det finst interesserte etterkomrarar det viktigast spørsmålet for om drifta held fram eller ikkje.

Melkeprodusentane er meir optimistiske enn dei andre. Dei to minste melkebøndene vil heller gå over til kjøttproduksjon enn å leggja ned drifta.

Dei fleste gardbrukskarane reknar ikkje med at dei økonomiske forholda vert verre enn kva dei er i dag. Sauebøndene er litt letta og optimistiske etter oppgjeret i haust med ein prisoppgang på sauekjøt.

## 4.2 Økonomiske forklaringar

### Naudsynt med investeringar

Dei fleste gardbrukskarane er à jour med investeringar. Dei fleste har hatt ein langsiktighet i dette og treng berre gjere suppleringar i tilfelle utstyr ryk osv.

Investeringar er påtrengande for ein av gardbrukskarane, den eldre vetele saueprodusenten. Denne brukaren driv også med pels og jordbær. Pelsdyranlegg ligg i eit hjørne på eigedomen. Det vert no nye krav med to meter gjerde som skal vera 30 cm ned i bakken. Dette er ein umogleg investering for vedkomande. 2/3 av jordbæråkeren er øydelagd av skadedyr etter ein mild vinter. Også her er investeringsbehovet stort. Vedkomande er imidlertid kronisk sjuk og vil verken ha økonomi eller helse til å gjere dette. Resultatet i dette

tilfellet vert redusert ev nedleggjing av bruket. Den eldre, vetele melkeprodusenten har eit mindre prekært investeringsbehov, men driftsbyggningen treng å pussast opp. Brukaren har nettopp fått 50 % arbeid utanfor garden og er ikkje villig til å ta denne investeringa.

Investeringbehovet er størst for dei to små saubøndene. I tillegg til vedkomande som er nevnt over, treng den unge, vetele, sauebonden å byggja ny saudefjøs. Vedkomande er så interessert i gardsdrifta at dette vil han gjera sjølv om inntektene er uvisse. Han planlegg derfor å byggja ny saudefjøs over ein gjødselkum og så reparere gamlefjøsen etter dette. Han vil då auke kapasiteten betydeleg. I tillegg til jobb utanfor bruket er vedkomande også eigar av eit småkraftverk. Han nyttar derfor inntekter utanfor bruket til å ruste opp driftsmidlane og bygningsmassen på garden. Inntektene frå småkraftverket gjer at denne gardbrukaren kan redusera arbeid utanfor garden og auke arbeidsinnsatsen på bruket.

### **Utviklinga i inntekt og tilskot**

Inntekta til to av brukarane har auka dei seinare åra som fylgje av at dei produserer meir enn før. Dette gjeld den unge, vetele sauebonden og den eldre, vetele melkeprodusenten. Vidare har to av gardbrukarane auka inntekta si som fylgje av at dei har vrid produksjonen mot der det er inntekt. Til dømes har den unge vetele fruktprodusenten satsa meir på bringebær enn før. Vidare har ho bygd hus til plukkehjelpa som ho leiger ut i skuldersesong til turistar. Den store unge, fruktprodusenten har auka inntekta som fylgje av større satsing på moreller. Dessutan var han svært fornøgd med blomkålsprisane (dobra). Men det siste skuldast den ekstraordinære flommen på austlandet og vil nok ikkje vara ved over tid. I tillegg kjem inntekta til den unge store melkeprodusenten til å auke i tida framover etter kvart som samdrifta produserer meir mjølk.

Elles er inntekta stort sett uendra eller litt redusert. Tilskota fylgjer også dette mønsteret.

Inntektsutsiktene er størst for dei gardbrukarane som har investert og tenkt langsiktig i forhold til bruket. Inntekta aukar også litt for dei som lagt om drifta etter der det er inntekter. For dei som sluttar å investere er det berre eit spørsmål om tid før garden er i ein slik forfatning at han vert lagt ned.

## **Offentlege myndigheter**

Mange av gardbrukarane er svært nøgde med landbrukskontora i kommunen. Nokre uttrykkjer at dei er glade for den støtta dei får frå fylkeslandbrukskontoret, dette gjeld særleg fruktprodusentane.

Frustrasjonen til gardbrukarane går først og fremst på KSL. Det er tydeleg at dette slit. Det er faktisk berre ein av brukarane som synest at det går greitt med KSL. Generelt likar ikkje brukarane papirarbeid. Ein brukar seier han har fylt ut 4 KSL papir på to veker, i tillegg Global GAP som er for eksport. Frustrerande dobbeltarbeid.

I tillegg må det nevnast eit forhold. Den eine fruktprodusenten var plaga av ein hjort som gnog på frukttre hennar. Dette var like etter at jaktsesongen var over. Ho søkte derfor om skadefellingsløyve på hjort. Kommunen nytta tre!!! Måneder på å saksbehandla søknaden. Då skadefellingsløyve endeleg kom hadde hjorten allereie stukke av og gjort stor skade. Brukaren var svært oppgitt over dette og angra på at ho ikkje berre skaut dyret og held munn. Ein annan fruktprodusent hadde same problem, for han var det nok med ein telefon til kommunen der kommunen på telefonen sa: Skyt dyret!! Gardbrukaren som ikkje fekk fellingsløyve har for to år sidan søkt om å få setja opp ein molo med båthamn i samband med utleige av overnatting til turistar. Ho har enno ikkje fått svar!!!!

Ein sauaprodsent påpeikar regelen om å måtte merke lam i begge øyrer. Dette gjer at lamma lettare set seg fast i gjerde, dei heng lettare fast enn før. Vedkomande hadde mista mange lam på denne måten.

Ein gardbrukar er frustrert over fylkesmannens miljøvernavdeling for trenering av prosess med småkraftverk.

## **4.3 Kontroll over omstende og alternative val**

### **Anna arbeid**

Dei eldre gardbrukarane har i varierande grad hatt tilknytning til arbeidsmarknaden. Den eldre små fruktprodusenten har arbeid som snikkar heile yrkeskariera. Her har han hatt ei svært fleksibel ordning med arbeidsgjevar, slik at han kunne reise heim dersom det var noko. To av

dei eldre brukarane hadde eit arbeidsforhold i byrjinga av yrkesløpet sitt, men slutta med dette etter kvart som gardsarbeidet kravde meir. Alle har vore innom strøjobbar eller små deltidsjobbar, men har prioritert gardsarbeidet.

Dei yngre gardbrukarane har ein mykje tettare tilknytning til arbeidsmarknaden enn dei eldre. Her er det berre to stykkjer som har garden som heiltidsarbeid. Dette er den unge store melkeprodusenten og den unge store fruktprodusenten. To av gardbrukarane kombinerer full jobb og gardsdrift, men her skal den eine trappa ned arbeid utanfor garden for å få tid til meir aktivitet på garden. Dei to siste kombinerer 50 % jobb med gardsdrift.

Den same kontrasten ser vi mellom store og små gardbrukarar. Små gardbrukarar har større tendens til å ha arbeid utanfor garden enn dei store.

Dei fleste gardbrukarane har ved fleire høve stått føre vegvalg om å ta på seg jobb utanfor eller fortsetja med drifta. Samtlege har ved slike høve prioritert gardsdrifta. Nokre av gardbrukarane kan lett auke jobb andelen utanfor bruket, andre ser ikkje alternativ til gardsdrifta like lett.

Felles for alle som har arbeid utanfor bruket er at involvering og ”sjela” ikkje ligg i dette arbeid. Det er tydeleg at arbeidet vert gjort mykje på autopilot. Dei kreative ressursane vert heller utnytta i samband med gardsdrifta. Det er der vi finn involveringa hjå intervjupersonane. Ei sitat frå den unge små melkeprodusenten kan illustrera dette:

*”Når eg kører lastebil slappar eg skikkeleg av. Då tenkjer eg ikkje på noko særleg, jobben går nesten av seg sjølv.”*

### **Leige av hjelp til gardsdrifta**

To av gardbrukarane nyttar seg av austeuropeisk arbeidskraft. Dette er den unge små fruktprodusenten og den eldre små sauebrukaren. Elles er familie den viktigaste kjelda til ekstra arbeidskraft. Det er berre tre av gardbrukarane som ikkje nyttar seg av dette, og årsaka ligg i at dei enten er einslege eller har eit tradisjonelt kjønnsrollemønster ifht arbeidsdeling. For 5 av gardbrukarane er denne ressursen kritisk for om dei skal halda fram med drifta eller ikkje. Gardbrukarane er svært flinke til å involvere barn i gardsdrifta. Bortsett frå dei med

svært små ungar, er alle barn med i drifta på ein eller annan måte. Dei minste er til dømes med og leikar i fjøsen medan foreldrene gjer unna fjøsstellet.

Den eldre, små fruktprodusenten brukar andre pensjonistar som haustehjelp. Han organiserer plukking mot frukt og bytearbeit og får på den måten innhaustinga til å gå rundt.

### **Generasjonsskifte**

Det er stor skilnad i måten gardbrukarane har snakka saman med neste eller førre generasjon mht overtaking av gardbruket. Nokre har omrent ikkje snakka om dette i det heile. Dei skyv på temaet og håpar at ting skal ordne seg etter kvart. Den eine gardbrukaren sa:

*"Feilen i dag er at ungdomen kjem for lett til pengar. Derfor er gardbrukarlivet lite attraktivt"*

Denne gardbrukaren (den eldre små fruktprodusenten) hadde ikkje tiltru til at nokre av dei tre døtrene kom til å overta, og han såg heller ikkje at nokre av ungane deira var interessert nok til å gjere det.

På dette punktet var det ingen skilnader mellom dei tre strategiske variablane i studien. For nokre er temaet tabu og ikkje samtaletema i det heile. Andre er opne på at neste generasjon kan overta på sine premissar og leggja opp gardsdrifta slik dei vil og ha garden som ein stad å bu. Dette gjeld to av dei eldre gardbrukarane. To andre eldre gardbrukarar veit som sagt ikkje kva som skjer men held fram med drifta så lenge det går.

Det største skiljet på dette punktet finn vi i forhold til dei som snakkar med neste generasjon. Den eldre store melkeprodusenten er her eit døme. Han har brukt mykje ressursar på å oppgradere driftsbygning og maskinpark, slik at guten på 22 år skal kunne ha melkeproduksjon som leveveg. Guten er også svært interessert og har teke landbruksutdanning og arbeider som avløysar i dag. Denne brukaren går også av med pensjon som 62 åring, men held fram i drifta med å hjelpe sonen. Dei får dermed i større inntekt totalt sett.

Denne måten å løyse generasjonskiftet på ser vi også hjå den unge store saueprodusenten og den unge små melkeprodusenten. Begge stader har førre generasjon investert så pass at ikkje det skal bli for store løft for neste generasjon. For den ein kårmannen gjeld det same som i førre eksempel, nemleg han går av med pensjon som 62 åring, men hjelper til med drifta på garden så mykje han kan.

For to av dei yngre gardbrukarane er interessa for gardsdrift så stor at sjølv om dei ikkje har fått drahjelp frå førre generasjon, investerer dei garden opp til ein høgare stand ut frå eigeninteresse.

På dette punktet kan vi konkludera med at utan ei enorm eigeninteresse for gardsdrift, er det ofte naudsynt med hjelp frå førre generasjon for at drifta skal halde fram. Hjelpa kan vera i form av investeringar eller fysisk arbeid.

### Auke av inntekta

Halvparten av bøndene kan kunne auka inntekta si. Det påfallande her er at dette stort sett berre gjeld dei yngre bøndene, bortsett frå eit tilfelle. Dette er den eldre store saueprodusenten som kunne auka produksjonen sin, men som ikkje ynskjer å gjera dette. Han vil heller ha romsligare arbeidsbetingelsar.

Dei fem yngre gardbrukarane som kunne auka inntekta si kan gjera dette ved å utnytte produksjonskapasiteten betre (3 stk), utvide driftsbygning (1 stk) eller vri fruktproduksjonen over mot artar som løner seg betre (1 stk).

For dei eldre gardbrukarane stiller det seg anleis. Her er det 5 stk som allereie har prøvd å auka inntekta ved å leige tilleggsjord (1 stk), søke seg mot fruktartar som løner seg (2 stk) eller utnytte heile produksjonskapasiteten (4 stk). Også ein av dei unge gardbrukarane har prøvd kombinasjon av punkt nr 2 og 3 over.

Noko av grunnen til at dei unge gardbrukarane i mindre grad enn dei eldre ikkje fullt ut har utnytta inntektspotensialet på garden ligg i at dei i større grad enn dei eldre har arbeid utanfor garden. Motivasjonen og kapasiteten deira til å leggje meir tid og innsats i gardsbruket er derfor begrensa.

## **4.4 Rolleforventningar**

### **Årsakar til bruksovertakingar**

For tre av gardbrukarane var brå død hjå førre gardbrukar den viktigaste grunnen til overtakinga. To av desse var svært interessert i drifta og såg på overtakinga som noko naturleg og noko dei sjølve ynskte. For alle tre gjaldt også eit element av plikt.

For tre av dei eldre gardbrukarane var det ein sjuk far som var viktigaste grunnen. Den eine historien gjer eit spesielt inntrykk. Vedkomande hadde teke ei lengre universitetsutdanning og arbeidd i vidaregåande skule i to år, deretter vart faren sjuk og eldsteguten sa brått og uventa frå seg odelen på garden. Den intervjuja gardbrukaren overtok dermed drifta og la yrkesvalget sitt på is. For vedkomande var nok plikt og ansvar dei tyngste grunnane for valet. For dei to andre eldre gardbrukarane med sjuk far var interessa for garden den viktigaste drivkrafta.

Ein annan viktig overtakingsgrunn er at far dør brått. For tre av gardbrukarane er dette den viktigaste årsaka. For alle tre er interessa det avgjerande for valet, men det er også element av plikt og ansvarskjensle med i biletet.

For tre av gardbrukarane skuldast overtakinga av garden at generasjonane har snakka saman og funne det tidspunktet som løner seg best reint økonomisk. Generasjonsskiftet er såleis eit samarbeidsprosjekt. Drifta på desse gardane vil også i framtida vera dreve av to generasjoner.

To av gardbrukarane overtok som fylgje av dei uventa sto ovanfor ein kjøpssituasjon der dei plutselig fekk mulighet til å kjøpa eit bruk. For begge var ein genuin interesse avgjerande for valet.

Ein av gardbrukarane måtte overta plutselig fordi onkelen vart pensjonist. Denne var den gongen i tvil om valet var rette og tviler somme stunder også på dette i dag. Her var ansvar og pliktkjensla avgjerande for valget.

### **Motforestillingar mot å ta over bruket**

Det er få motforestillingar i utvalget mot å overta bruket. Faktisk er det berre ein gardbrukar som har seriøse motforestillingar. Motforestillingane den gongen var ifht til økonomi, at

valget måtte gjerast svært fort, at dei allereie var i gong med husbygging ein annan stad. Dei same motførestillingane har vedkomande også i dag.

### **Ville valget blitt gjort ein gong til?**

10 av gardbrukarane ville gjort det same ein gong til.

1 av gardbrukarane er litt reservert og i tvil på dette spørsmålet. Dei motførestillingane vedkomande hadde ved overtakingstidspunktet er dei same i dag nokre år seinare.

Den siste gardbrukaren, han som hadde lang utdanning og som var i gang med ei anna yrkeskarriere svarar slik:

*”Vanskeleg å seia. Eg ville diskutert nærmare med far min. I dag aksepterer han fullt ut at eg har avvikla melkeproduksjonen. Det var godt for meg å få denne tilbakemeldinga. Dersom eg hadde fått denne tilbakemeldinga på den tida eg skulle overta hadde eg kanskje vald anleis.”*

Pliktkjensla og kven denne er i forhold til kjem tydeleg fram i sitatet.

### **Spenning mellom gardsarbeid og familieliv**

Inntrykket etter dei 12 dybdeintervjuer er at denne spenninga stort sett ikkje er noko problem for brukarane. Dette er også vorte bekrefta av at i nokre av intervjuer er ektefelle/partnar delvis til stades. Desse bekreftar langt på veg versjonen til brukaren. Med unntak av når ungar er heilt små, vert alle ungar på gardane involvert i drifta på ein eller annan måte. Gardbrukarane er også svært flinke til å finne seg partnarar som kjem frå gardar. Sju stk har gjort dette. For dei fire andre partnarane som ikkje kjem frå gard, kan seiast at dei har tilpassa seg livet på garden svært godt. Dei går inn som ein del av drifta og trives også med det.

To av gardbrukarane har gjennomgått samlivsbrot, med ektefeller som også kjem frå gardar. Ingen av desse samlivsbrota kan seiast å skuldast eventuelle spenningar mellom gardsdrift og familieliv. Det er faktisk påfallande lite slike spenningar mellom partnarar. Det verkar som dei fleste finn ein arbeidsrytme som er til å leve med for begge partar.

Det einaste funnet på dette punktet var spenningar mellom foreldre på den eine sida og tenåringsbarn på den andre. Desse ville gjerne vera med på aktivitetar for ungdom, medan foreldra ville ha unnagjort frukthaustinga. Dette forholdet ligg noko tilbake i tid for den ein fruktprodusenten.

Ein grunn til at vi ikkje finn noko på dette punktet kan vera at slike spenningar kan vera tøffe å takla for parforhold. Dersom det skal brukast mykje energi heile tida på å diskutera kor mykje tid som skal brukast på garden ifht aktivitetar med familien vert livet slitsamt i lengda. Truleg er dei gardbrukarane som har vore utsette for dette ute av næringa. Dei er derfor ikkje lenger å finne i gruppa over bønder som mottek produksjonsstønad.

## **4.5 Intensjon om å halda fram som gardbrukar**

### **Etterkomrar**

Av dei seks eldre gardbrukarane i utvalet, har fem born. Interessa hjå desse for gardsdrift varierer. For to av brukarane, den eldre små fruktprodusenten og den eldre små sauehaldaren er ikkje nokon av etterkomarane interessert i drifta av garden. Det tenkast at nokon av dei, eller borna av dei igjen, vil ha garden som ein buplass. Men ikkje noko meir.

To av dei eldre gardbrukarane har born som er svært interessert i å overta drifta. For den eine av desse gardane (den eldre store fruktprodusenten), vert det ein viss omlegging av drifta.

Den siste eldre gardbrukaren med born (den eldre små melkeprodusenten), har så små barn at overtaking av bruket ikkje vil vera tema på mange år. Ungane er her 5 og 7 år gamle. Brukaren er imidlertid reflektert på dette punktet. Han seier:

*"Eg kjem ikkje til å leggje press på nokon av ungane for at dei skal overta bruket. Tvert om så vil eg oppmuntra dei til å ta utdanning. Dersom dei seinare i livet finn ut at dei vil bu på denne plassen og kombinere dette med anna jobb er det flott. Dersom ikkje får vi leggja ned bruket"*

### **Sannsynlighet for at drifta held fram og eventuelle endringar i drifta**

Seks av gardbrukarane kjem til å halda fram med drifta sjølv om dei økonomiske rammevilkåra i næringa skulle bli verre enn kva dei er i dag. Ein av desse kjem til å fortsetja i

drifta som aktiv deltagande kårmann. For alle desse gardbrukarane er interessa for gardsdrift så stor at dei har ein sterk eigeninteresse av at drifta held fram. Felles for alle desse seks er at dei har eit nettverk av familie som dei kan spela på for å få jula til å gå rundt i kvardagen. Vidare har alle nettopp gjennomført eit generasjonsskifte, bortsett frå ein som skal gjere dette snart. Alle sju har derfor eit svært langsiktig perspektiv over det dei driv med.

To av gardbrukarane kjem til å leggja om drifta på garden. Ein av desse, den store eldre fruktbonden, gjer dette fordi dottera skal overta bruket. Dottera kjem til å halda fram med drifta, men kjem til å ha eit anna fokus enn kva faren hadde. Dette betyr vriding mot anna produksjon og sannsynlegvis reduksjon av leigd areal utanfor bruket. Den eldre små melkeprodusenten kjem til å gå over til kjøttproduksjon. Grunnen her er at han nettopp har fått 50 % arbeid utanfor garden og trivst svært godt med det. For begge desse to brukar vert det dermed ein reduksjon i drifta.

For to av brukarne kjem drifta til å halde fram så lenge noverande brukar greier drifta. Etter dette vert sannsynlegvis drifta lagt ned. Begge desse gardbrukarane har etterkomrarar, men ingen som har synt interesse for å vidareføre drifta. Begge desse gardbrukarane er eldre og med små bruk. Den eine med sau (+ jordbær og pels), den andre med frukt.


Den eldre store sauebonden kjem til å halda fram med drifta i om lag 10 år. Når han vert pensjonist vert drifta lagt ned om ikkje det dukkar opp nokon interesserte til å overta drifta. Sidan vedkomande er einsleg og ikkje har arvingar, er det avgjerande i dette tilfellet at nokon utanfor vil kjøpa og driva vidare bruket. Eigaren er villig til å selja bruket. Det litt spesielle i dette tilfelle er at brukaren ikkje vil trappe gradvis ned, men slutte tvert når aldersgrensa er passert.

Den siste gardbrukaren, den unge små fruktprodusenten ynskjer å halda fram med drifta. Dette skuldast for det fyrste eit ynskje om at drifta skal halda fram. For det andre ser ho ikkje føre seg meir arbeid utanfor garden fordi ho ikkje veit om ho får dette eller fordi helsa ikkje tåler det. Dessutan har ho så pass store ungar at det kan bli aktuelt for dei å overta innan ein 5-10 års periode. Likevel kan drifta på dette bruket også kunne bli lagt ned. Det er to kritiske faktorar i forhold til dette. Den fyrste er dei økonomiske rammevilkåra i næringa, den andre er rammevilkåra for bruk av austeuropisk arbeidskraft. Dersom brukaren må betale meir for denne hjelpa enn kva ho gjer i dag, må drifta leggjast om eller leggjast ned.

## 5 Kvantitativ hovedstudie


Av dei 505 spørjeskjemaene som vart sendt ut kom det inn 228 svar, noko som gjer ein svarprosent på 45,1 %. I dette kapitlet vil det fyrst verta gjort greie for bakgrunnskjenneteikna til dei som svara på undersøkinga. Deretter vert det gjort greie for resultata frå dei einskilde punkta på spørjeskjemaet. Figurane i dette kapitlet er stort sett henta frå (Ugelstad og Lunde 2008).

### 5.1 Bakgrunnskjenneteikn i utvalget




Figur 5.1: Kjønnsfordeling i utvalget.

I utvalget er det 84,2 % menn og 15,7 % kvinner som er registrert som eigalarar.




Figur 5.2: Aldersfordelinga i utvalget.

Gjennomsnittsalderen i utvalget er på 51,0 år. Den største andelen av gardbrukarar finn vi i alderen 50-59 år. Denne aldersgruppa utgjer 36,6 % av utvalget. Aldersgruppa 40-49 år utgjer 29,1 %, 60-69 år 16,7 %, 39 år og yngre 14,5 % og 70 år og eldre 3,1 % av utvalget.




Figur 5.3: Sivilstand i utvalget.

Hjå bøndene i undersøkinga er 63,9 % gift og 5,3 % skilt. 12,3 % av respondentane lever i eit sambuarforhold og 17,2 % er ugifte.



Figur 5.4: Andel i utvalget med barn.

Av denne figur 5.4 ser vi at dei fleste bøndene har barn. Heile 83 % har barn, medan berre 17 % ikkje har barn.



Figur 5.5: Tal barn hjå gardbrukarane i utvalget.


Figur 5.5 syner tal barn hjå gardbrukarane i utvalget. Av dei gardbrukarane som har barn, har om lag 38 % 3 barn, om lag 30 % har 2 barn og om lag 19 % har 4 barn. Hovedtyngden av gardbrukarane har altså 2, 3 eller 4 barn. Vidare kan vi sjå at om lag 10 % har 1 barn, om lag 2 % har 5 barn og om lag 1% har 6 barn.

Produksjonstype	Antal Hovud produksjon	%-vis fordeling	Antal Tilleggs produksjon	%-vis fordeling Tilleggsproduksjon
melk	93	41,0	2	0,9
storfeproduksjon	22	9,7	59	26,2
sau	76	33,5	47	20,9
frukt	93	5,7	6	2,7
fjørfe	1	0,4		
gris	3	1,3	2	0,9
forproduksjon	5	2,2	2	0,9
Leige bort	2	0,9		
ved/skog	2	0,9	15	6,7
geit	4	1,8		
Gardsturisme	1	0,4	3	1,3
Anna	3	1,3	15	6,7
Total	225	99,1	150	66,7

Tabell 5.1: Fordeling av produksjon hjå dei intervjuia. Hovud produksjon og tilleggsproduksjonar.

41,0 % av gardbrukarane i undersøkinga har mjølk som hovednæring, 33,5 % har sau, 9,7 % har storfe og 5,7 % har frukt. Øvrige produksjonar står for ein svært liten del av produksjonsaktiviteten i utvalget. Dei største tileggsproduksjonane finn vi i storfe der 26,2 % av utvalget har dette som tilleggsproduksjon, vidare kjem sau (20,9 %) og ved/skog (6,7 %).

Mange gardbrukarar har arbeid utanfor garden, det er om lag 65 % som har meir eller mindre lønna arbeid utanfor garden. Størst tendens til å ha 100 % jobb utanfor gardsbruket finn vi hjå storfe og frukt/bær produsentar. Her har over 60 % full jobb. Berre om lag 10 % av melkebøndene har full jobb. Til gjengjeld har om lag 24 % av melkebønder kort deltidsarbeid (mindre enn 50 %).




*Figur 5.6: Grad av arbeid utanfor gardsbruket, etter type næring*

## 5.2 Tilstredshet og verdiar

Dei aller fleste gardbrukarane i undersøkinga er tilfredse med arbeidet som gardbrukar. Figur 5.7. Som ein kan sjå ut frå diagrammet er hovedtyngden av svara på den positive sida.


Gjennomsnittssvaret ligg på 4,94 (ut frå ein skala frå 1 til 7), altså godt over midten på skalaen. Påstanden ”eg er tilfreds med arbeidet som gardbrukar” seier 19,4 % av

gardbrukarane seg svært einige i. Sler vi saman svarkategoriane 5, 6 og 7 kan vi seia at 64,4 % av gardbrukarane er meir eller mindre einige i denne påstanden. Vidare er 3,1 % av gardbrukarane svært uenige i påstanden. Sler vi saman svarkategoriane 1, 2 og 3 kan vi seia at 14,6 % av gardbrukarane er meir eller mindre ueinige i påstanden.



*Figur 5.7: Tilfredshet med arbeidet på garden.*

Svara på spørsmålet om arbeidet er verdifullt er enno tydlegare. Her er gjennomsnittet på 5,92 på skalaen frå 1 til 7. Figur 5.8 syner korleis svara på dette spørsmålet fordeler seg.




*Figur 5.8: Om arbeidet som gardbrukar er verdifullt.*

46,9 % av dei som svarde på spørsmålet ”arbeidet som gardbrukar er verdifullt” er svært einige i denne påstanden. I alt 86,5 % av gardbrukarane svarar i kategori 5, 6 eller 7 på dette spørsmålet. Til samanlikning er det berre 1,0 % som er svært ueinige i påstanden.

Figur 5.9 rapporterer svara på spørsmålet om fagmiljø er viktig. Svara her er ikkje like eintydige som under dei to førre spørsmåla. Her synest nokre dette er viktig, andre synest det


er mindre viktig, medan dei fleste ikkje meiner så mykje om dette. Gjennomsnittet ligg på 4,54.



*Figur 5.9: Fagmiljø er viktig for meg.*


### 5.3 Arbeidstid

Dei aller fleste gardbrukarane i undersøkinga synest at dei får for lite fritid. Som figur 5.10 viser, er heile 38,3 % svært ueinige i påstanden om at dei får nok fritid. Gjennomsnitta av svara er 2,49 på skalaen frå 1 til 7. Heile 75,1 % av utvalget er meir eller mindre ueinige i denne påstanden.




*Figur 5.10: Som gardbrukar får eg nok fritid.*

Respondentane svarar ikkje like kategorisk på spørsmålet om kveldsarbeid er eit problem. Det er derfor tydeleg at mangelen på fritid er eit større problem enn eit eventuelt kveldsarbeid. På dette spørsmålet har vi eit gjennomsnitt på 4,29.




Figur 5.11: Kveldsarbeid er ikkje noko problem for meg.

Respondentane har det same forholdet til helgearbeid som til kveldsarbeid. Nokre synest dette er eit problem, andre ikkje. Gjennomsnittet på dette spørsmålet er 4,0. 10 % av dei spurde er svært einige i at helgearbeid ikkje er eit problem, medan 13,0 % er svært ueinige. Fleire detaljar finn vi i figur 5.12.




Figur 5.12: Hegearbeid er ikkje noko problem for meg.

Ser vi derimot på kva ektefellene/sambuarane meiner om spørsmåla knytt til arbeidstid vert bildet eit anna. Ektefeller og sambuarar synest jamt over at arbeidstida er eit problem. I figur 5.13 syner i kva grad desse synest at kveldsarbeid er eit problem. 20,0 % av ektefellene/sambuarane i utvalget er svært enig i denne påstanden. Sler vi saman kategoriane 5, 6 og 7 kan vi seia at 60,6 % av ektefellene/sambuarane synest at kveldsarbeid er eit større eller mindre problem. Gjennomsnittscore på spørsmålet er 4,78.




Figur 5.13: Ektefellen/sambuaren min synest at kveldsarbeid er eit problem.

Figur 5.14 omhandlar korleis ektefelle/sambuar oppfattar helgearbeid. På linje med kveldsarbeid vert også dette oppfatta som eit problem. 21,9 % er svært enige i påstanden, medan 26,6 % svarar i kategori 6. Til saman svarar 64,5 % av dei spurde i kategori 5, 6 eller 7.



Figur 5.14: Ektefellen/sambuaren min synest at hegearbeid er eit problem.


I forhold til fritid er manglande ferie det største problemet. På påstanden ”ektefellen min synest ikkje at vi får nok ferie”, er heile 34,5 % er svært enige i at dette er et problem. Sler vi saman svar katgoriane 5, 6 og 7, får vi at 69,2 % av utvalget synest dette er eit større eller mindre problem. Gjennomsnittet på spørsmålet er 5,18. Figur 5.15 viser fleire detaljar på dette.



Figur 5.15: Ektefellen/sambuaren min synest ikkje vi får nok ferie.

#### 5.4 Økonomiske forhold


Størstedelen av utvalget (69 %) er uenige i at inntekta har auka dei siste 5 åra. Dei fleste av desse er svært uenige i denne påstanden (45 % av alle spurde). Gjennomsnittsvaret på spørsmålet ligg på 2,51.



Figur 5.16: Inntekta mi har auka dei siste 5 åra.

Det same mønsteret ser vi også i forhold til tilskot, sjølv om svara på dette spørsmålet ikkje er like eintydige som svara på spørsmålet om inntekt. Her svarar 32,6 % at dei er svært uenige i denne påstanden. Vi har også ein del av utvalget som seier seg enige i påstanden. Sler vi


saman kategoriane 5, 6 og 7 kan vi seia at 17,6 % av utvalget er meir eller mindre enige i denne påstanden. Vidare er 69,0 % av utvalget meir eller mindre ueinige i dette. Gjennomsnitt svaret ligg på 3,14. Sjå elles figur 5.17.



*Figur 5.17: Tilskota mine har auka dei siste 5 åra.*

## 5.5 Framtidsutsikter


På spørsmålet om framtidsutsiktene i næringa er gode ligg gjennomsnittssvaret på 3,34. Det er ein overvekt av svar i den nedre delen av skalaen, sjå figur 5.18. 23,8 % er svært uenige i påstanden. Sler vi saman kategori 1, 2 og 3 kan vi seia at 49,7 % er meir eller mindre uenige i



*Figur 5.18: Eg vurderer framtidsutsiktene i næringa som gode.*

påstanden om at framtidsutsiktene i næringa er gode. Likevel er det ei undergruppe som er svært enige i påstanden 5,7 %. Sler vi saman kategori 5,6 og 7 kan vi seia at 30,0 % er meir eller mindre enige i påstanden om at framtidsutsiktene i næringa er gode.


Trass i at mange i utvalget vurderer framtidsutsiktene negativt er det likevel ein forholdsvis stor andel som ser føre seg drift på garden i eit 5 års perspektiv, sjå figur 5.19. 25,9 % av utvalget er svært enige i denne påstanden. Sler vi saman kategori 5, 6 og 7 kan vi seia at 50,8 % er meir eller mindre enige i påstanden. Samsundes er 14,1 % svært ueinig og 32,7 % av utvalget meir eller mindre ueinige i påstanden.



*Figur 5.19: Dersom vi ser 5 år fram i tid vil eg framleis ha drift på garden.*

## 5.6 Hjelp på garden

Det er fleire gardbrukarar som synest det er meir vanskeleg enn lett å skaffa hjelp til arbeid på



*Figur 5.20: Det er lett for meg å skaffa hjelp til gardsdrifta.*

garden, sjå figur 5.20. Heile 21,8 % er svært ueinig i påstanden om at det er lett å skaffa slik


hjelp. 48,2 % er meir eller mindre ueinige i dette, medan 32,1 % er meir eller mindre einige. Berre 7,8 % er svært einige i at det er lett å skaffa hjelp til arbeidet på garden.

	Antal	%-vis fordeling
Barn	126	55,5 %
Kårfolk	73	32,2 %
Ektefelle/sambuar	110	48,5 %
Aust europearar	26	11,5 %
Vener	50	22,0 %
Ungdommar	36	15,9 %
Andre	63	27,8 %

Tabell 5.2: Kven som hjelper til på garden, absolutte tal og %-vis fordeling.


Her vart respondentane spurde om kven dei fekk hjelp av på garden. På dette spørsmålet var det mulighet for å krysse av for fleire alternativ. Sidan respondentane kunne kryssa av for fleire alternativ, vert summen av dei ulike alternativa meir enn 100 %. Ut i frå tabell 5.2 kan ein sjå at gardbrukarane får god hjelp frå eigen familie. Heile 55,5 % får hjelp av barn og 48,5 % får hjelp av ektefellen/sambuaren. Vidare kan vi sjå at det er god hjelp i kårfolk, 32,2 % får hjelp av desse. 22,0 % får hjelp av venner. 15,9 % får hjelp av ungdomar og 11,5 % får hjelp av austeuropearar. 27,8 % får hjelp av andre til gardsarbeidet. Dette består stort sett av avløysarar, sysken, slektingar og naboorar.

Figur 5.21 syner at dei aller fleste gardbrukarane synest at sosial kontakt med andre er viktig. På ein skal frå 1 til 7, der 1 er svært ueinig og 7 svært einig er gjennomsnittet i utvalget på 5,43. Heile 32,1 % er svært enige i påstanden om at ”sosial kontakt med andre er viktig for meg”. I alt 76,7 % er meir eller mindre enige i denne påstanden. Berre 2,6 % er svært uenige og 12,4 % er meir eller mindre ueinige i at sosial kontakt med andre er viktig for dei.



Figur 5.21: Sosial kontakt med andre er viktig for meg.


## 5.7 Investeringsbehov



Figur 5.22: Vurderer du endringar i drifta på gardsbruket i løpet av dei neste 5 åra?


Gardbrukarane vart spurde om dei såg føre seg nokre endringar i drifta i løpet av dei neste 5 åra, svara på dette spørsmålet er synt i figur 5.22. Om lag 41 % av gardbrukarane svarar nei på dette spørsmålet. Vidare vil om lag 17 % auka aktiviteten på garden, 14 % vil legga ned drifta og 8 % har tankar om å legge om drifta og produsere noko anna. Om lag 7 % vil redusera drifta på garden.

Om lag halvparten av gardbrukarane i undersøkinga (109 av respondentane) ser føre seg at det kjem til å bli naudsynt med investeringar i bygningsmassen i åra som kjem. Figur 5.23 syner kor stort dette behovet er. Hjå om lag 28 % av gardbrukarane med investeringsbehov er behovet på inntil 250 000 kr, hjå om lag 25 % er behovet på mellom 250 000 kr og 500 000 kr og hjå om lag 20 % er behovet på mellom 500 000 kr og 1 000 000 kr. Vidare seier om lag 27 % av desse gardbrukarane at dei har eit investeringsbehov på over 1 million kr.



Figur 5.23: Storleik på naudsynte investeringar i bygninga dei komande åra.


Investeringsbehovet i bygningar er større enn kva det er for maskiner. 58 av 228 svarar at det er naudsynt å investera i maskiner. Dei fleste har eit investeringsbehov opp til 500 000 kroner. Få ser for seg at denne typen investeringar skal overskride dette beløpet. Av dei 58 som svarar at dei har eit investeringsbehov i maskiner, så har om lag 40 % eit behov i storleiken opp til 250 000 kr og om lag 51 % har eit behov i storleiken 250 000 kr til 500 000 kr.



Figur 5.24: Storleik på naudsynte investeringar i maskiner dei komande åra.


Investeringsbehovet i utstyr er mindre enn kva det er for maskiner og bygningar. 31 av gardbrukarane meiner dei treng å investera i nytt utstyr. Kostnadene på desse investeringane ligg stort sett under 200 000 kr i pris. Om lag 58 % av desse investeringene ligg faktisk med

ein prislapp på under 100 000 kr. Nokre få gardbrukarar ser føre seg noko større investeringar i utstyr. Figur 5.25 syner ytterlegare detaljar.




*Figur 5.25: Storleik på naudsynte investeringar i utstyr dei komande åra.*

Berre 2 av gardbrukarane i undersøkinga meiner dei vil gjera investeringar i omlegging av drifta.



*Figur 5.26: Storleik på naudsynte investeringar i utvidingar av drifta dei komande åra.*


18 av gardbrukarane vil utvida drifta og trur med dette at dei vil måtte gjera nokre investeringar for å få dette til. Dei aller fleste av desse ser føre seg ein investering i storleiken 0 til 250 000 kroner. Sjå elles figur 5.26 for fleire detaljar.



*Figur 5.27: Storleik på investeringar i vedlikehald dei komande åra.*


Ein del gardbruksmedlemmar (46 stk) nevner vedlikehald som ein nødvendig investering dei komande åra. Som det går fram av figur 5.27 ligg største delen av desse investeringane på under 100 000 kr.

194 gardbruksmedlemmar svarte på spørsmålet ”kvifor er investeringane naudsynte for bruket ditt?”. Som det går fram av figur 5.28 varierte begrunnelingane noko. Om lag 21 % av dei som svara på dette spørsmålet meiner investeringene er nødvendig vedlikehald. Om lag 18 % vil investera for å letta drifta og om lag 16 % vil investera for å oppnå godkjenning. Om lag 15 % begrunnar investeringsbehovet i gamle bygningar medan om lag 13 % treng investering for å sikra vidare drift. Forholdsvis få (om lag 8 %) begrunnar investeringane ut frå å betre økonomien i drifta, få større produksjon (om lag 6 %) eller trivsel (om lag 4 %).



Figur 5.28: Kvifor er investeringane naudsynte for bruket ditt?.

I undersøkinga vart det vidare spurt om i kva grad investeringane er gjennomførbare for bruket på ein skal frå 1 til 7 der 1 er svært lett og 7 svært vanskeleg. Gjennomsnittsvaret låg her på 4,62 hjå dei 136 brukarane som svarde på spørsmålet. Her svarar 9,5 % at det er svært lett og 22,8 % at det svært vanskeleg å gjennomføra investeringane. Vidare seier 23,5 % at investeringane er meir eller mindre lette å gjennomføre og 52,2 % at investeringane er meir eller mindre vanskelege å gjennomføre. Sjå elles figur 5.29 for korleis svara fordeler seg.



Figur 5.29: I kva grad er investeringane gjennomførbare for bruket ditt?.


Storleiken på det samla investeringsbehovet i utvalget er på om lag 109 millionar kr. Tek vi hensyn til at vi har fått svar fra 228 gardbrukarar av i alt 3592 gardbrukarar som har drift i fylket, kan vi anslå det samla investeringsbehovet innan næringa i fylket til 1,7 milliardar kr dei komande åra.

Det er imidlertid lite truleg at alt dette vert gjennomført. Spørsmålet om gjennomførbarhet kan også tolkast som i kva grad det er sannsynleg at investering vert gjennomført. Vi kan tolka dei som oppgjer investeringa som svært vanskeleg med ein sannsynlighet for gjennomføring lik 0 % og dei som svarar dette som svært lett, altså kategori 1 med ein sannsynlighet lik 100 %. Kategoriane i mellom kan vidare setjast som sannsynlighet 17 %, 33 % osv. Kombinerer vi denne informasjonen med informasjonen om investeringsbehovet i avsnittet over, kan vi konkludera med at sannsynleg gjennomførte investeringar i utvalget ligg på om lag 35 millionar kr. Generaliserer vi dette til å gjelda heile næringa i fylket, kan vi seia at sannsynlege gjennomførte investeringar kjem til å liggja på om lag 500 millionar kr dei komande åra.

## **5.8 Overtaking av gardsbruk**

I avsnitt 5.1 vart det vist at om lag 83 % av gardbrukarane i undersøkinga har barn. Figur 5.30 syner at om lag 30 % av desse har for små barn til at overtaking er eit aktuelt tema. Om lag 10 % av gardbrukarane med barn har barn som ikkje er interessert i å ta over. Om lag 36 % veit ikkje om barna er interessert i å overta. Vidare har om lag 24 % av desse gardbrukarane barn som er interessert i å overta gardsbruket.

Respondentane vart vidare spurt om kva som var dei viktigaste grunnane til at dei overtok bruket. Den viktigaste grunnen vart markert med talet 1, den nest viktigaste med talet 2 osv. Fleire av dei 228 respondentane kryssa av med fleire 1 tal, noko som kan tolkast som at fleire alternativ er like viktige. Vidare kryssa nokre respondentar av med kryss i staden for tal. Dette gjer at talet på fyrsteprioriteringar er større enn talet på respondentar.




Figur 5.30: Dersom barn, er nokre av desse interesserte i å ta over bruket?

Grunn for overtaking	Prioritet 1	Vidare prioriteringar		
	Antal	%vis fordeling	Antal	%vis fordeling
Familie forventningar	75	26,5 %	46	24,1 %
Eigen interesse	131	46,3 %	38	19,9 %
Plikt	17	6,0 %	41	21,5 %
Ansvar	41	14,5 %	48	25,1 %
Ikkje noko val	7	2,5 %	11	5,8 %
Andre grunnar	12	4,2 %	7	3,7 %
Sum	283	100,0 %	191	100,0 %

Tabell 5.3: Grunnar til å overta gardsbruk. Absolutte tal og % vis fordeling


46,3 % av gardbrukarane oppgjer eigen interesse som den viktigaste grunnen til at dei overtok gardsbruket, 26,5 % oppgjer forventningar frå familie som den viktigaste grunnen og 14,5 % ansvar. Tabell 5.3 syner også fordelinga av dei andre grunnar for å overta. Her syner t.d ansvar å vera ein viktig nr 2 begrunning for å overta gardsbruk, 25,1 % oppgjer dette.




*Figur 5.31: Årstal bruket vart overtøke.*

Det var 221 av 227 som svarte på spørsmålet om når respondenten overtok gardsbruket. Figur 5.31 syner at 31,7 % av utvalget tok over gardsbruket på 80 talet. Vidare var det nesten like mange som tok over garden på 90 tallet, 27,6 %. 19,0 % har stått som eigar av bruket sidan 70 talet, medan 16,3 % har teke over gardsbruken sine etter 2000. Vi kan også ta med at 0,9 % tok over på 50 tallet og 4,5 % på 60 tallet.

Vart det i familien diskutert andre løysingar enn at du skulle overta gardsbruket? På dette spørsmålet svarte 83,2 % nei og 16,8 % ja, sjå figur 5.32.




*Figur 5.32: Vart det i familien diskutert andre løysingar enn at du skulle overta gardsbruket?*




*Figur 5.33: Hjå dei som hadde diskutert andre løysingar, kva løysingar vart diskutert?.*

I spørjeskjemaet vart det vidare stilt eit oppfølgingsspørsmål til forrige spørsmål. Dei som oppgav at andre løysingar på overtakinga av gardsbruket vart diskutert, vart spurta om kva desse løysingane gjekk ut på. Figur 5.33 syner at dei fleste av desse, 67,6 %, vurderte å gje odelen til ein annan. Forholdsvis få diskuterte å legga ned (10,8 %), å selga (13,5 %) eller å leiga ut eller pakta vekk gardsbruket (8,1 %).




*Figur 5.34: Hadde du motforestillinger mot å overta gardsbruket?*

I fylgje figur 5.34 hadde 76,0 % av utvalget ingen motførestillingar mot å overta gardsbruket medan 24,0 % hadde motførestillingar. Dei som hadde motførestillingar vart vidare spurt om kor lett det var å snakke om dette i familien på ein skal frå 1 til 7, der 1 er svært enkelt og 7 svært vanskeleg. Figur 5.35 syner korleis svara fordele seg. Gjennomsnittssvaret ligg på 4,25. 15,1 % synest dette var svært vanskeleg å snakke om og 11,3 % synest at dette var eit svært enkelt tema å snakke om. Vidare synest 30,2 % at temaet er meir eller mindre lett og 45,3 % synest at temaet er meir eller mindre vanskeleg å snakke om.




*Figur 5.35: Dersom du hadde motførestillingar, kor lett var det å snakka om dette i familien?*

Det neste spørsmålet skulle besvarast dersom respondenten hadde barn over 18 år. Derfor er det berre 128 av respondentane som har svart på dette spørsmålet. Ut i frå figur 5.36 kan vi sjå at dei fleste (30,5 %) synest det er svært lett å snakka med familien sin om dette temaet. På skalaen på frå 1 til 7, der 1 er svært lett og 7 svært vanskeleg ligg gjennomsnittet på 2,08. Det er vidare ingen som synest at temaet er svært vanskeleg å snakke om. Til saman er det 11,7 % som synest at temaet er meir eller mindre vanskeleg å snakka om. Til samanlikning er det 57,8 % som synest at temaet er meir eller mindre lett å snakka om.



Figur 5.36: Kor lett er det å snakka med barn over 18 år om korleis neste generasjonsskifte på garden skal gå føre seg?

Var valget om å overta gardsbruket rett? 34,4 % av gardbrukarane i undersøkinga er svært sikre på at dei har teke det rette valet. Gjennomsnitt svaret ligg på 5,38, ut frå ein skal frå 1 til 7 der 7 er svært sikker. I alt 73,6 % synest å vera meir eller mindre sikre på at valet var rett. 14,4 % er meir eller mindre usikre på om valet var rett. Berre 5,6 % av gardbrukarane er svært usikre på om valet var rett.



Figur 5.37: Kor sikker var du på at valet om å overta gardsbruket var rett?

## **6 Diskusjon**

Føremålet med dette kapitlet er todelt. Fyrst skal vi samanhalda resultat frå hovedundersøkinga med den kvalitative forstudien. Deretter skal vi svara på dei to problemstillingane som vart stilte i innleiingskapitlet.

### ***6.1 Diskusjon av resultata frå forstudien og hovedstudien***

På dei aller fleste av punkta som er studert er det eit samanfall mellom resultata frå den kvalitative forstudien og den kvantitative hovedstudien. På nokre punkt er imidlertid resultata ulike. Vi skal no gå gjennom nokre av hovedfunna i undersøkinga.

Begge studiane syner at gardbrukarane er tilfredse med arbeidet sitt, dei synest også at arbeidet er verdifullt. Begge undersøkingane syner at gardbrukarane er delte på midten i synet på om fagmiljø er viktig. Om lag halvparten synest dette er viktig medan den andre halvparten ikkje synest det.

Også i forhold til fritid syner dei to undersøkingane langt på veg dei same resultata. Ein stor del synest dei har for lite fritid. Dersom ein skal rangera problema med fritid, så er kveldsarbeid det minste problemet, helgearbeid eit noko større problem medan det største problemet er manglande ferie. Resultata frå dei to studiane er like på dette punktet. Resultata spriker imidlertid når det vert spurt om korleis ektefelle/sambuar opplever manglande fritid. Den kvalitative forstudien avdekkja ikkje at dette var eit stort problem. Basert på dybdeintervjuia kunne ein trekka den slutninga at gardbrukarane var flinke til å skaffa seg fleksible ektefeller som tilpassa seg arbeidsrytmen på ein gard rimeleg bra. Den kvantitative undersøkinga syner at forstudien nok ikkje fanga dybden i dette problemet. Når gardbrukarane i den kvantitative hovedundersøkinga vert spurt om mangel på fritid er eit problem for ektefelle/sambuar er svært mange enige i dette. Det kan imidlertid leggast til at rangeringa av problemet fylgjer det same mønsteret som i forstudien og som gardbrukarane sjølve gjer uttrykk for: Kveldsarbeid er det minste problemet, helgearbeid det mellomste og manglande ferie det desidert største. Vi skal i tilegg huske på at ektefellane/sambuarane sine synspunkt er skaffa til veges ved ein indirekte teknikk. Dvs at vi har spurt intervjuobjektet om kva partnaren meiner. Hadde vi spurt dei aktuelle partnarane, så ville sannsynlegvis resultata vore enno tydlegare.

Spørsmåla rundt dei økonomiske forholda til gardbrukarane syner det same i både den kvalitative og kvantitative undersøkinga. Dei aller fleste synest at inntekta og tilskota har gått ned. Men ein finn ei undergruppe av brukarar som har auka produktiviteten såpass at både inntekt og tilskot har auka.

Spørsmåla rundt framtidssutsikter gjer også om lag same svar i dei to undersøkingane. Dei fleste vurderer framtidssutsiktene som mindre bra, men ser likevel føre seg drift på gardsbruket i eit 5 års perspektiv.

Begge undersøkingane syner at den vanlegaste grunnen til å overta eit gardsbruk er at den som skal overta er interessert i dette. Om lag  $\frac{1}{4}$  av dei spurde oppgjer familieforventningar som den viktigaste grunnen. Dersom vi ser på tilleggs grunnar for å overta gardbruket er forhold som, ansvar, plikt og familieforventningar viktige.

Både den kvalitative og kvantitative undersøkinga syner at det er forholdsvis få av gardbrukarane som har opplevd at andre løysingar enn at dei skulle overta gardsbruket vart diskutert. Den kvantitative undersøkinga syner at så få som 17 % har vore borte i dette. Dette er eit tydeleg signal om at rolleforventningar spelar ei stor rolle i dette spørsmålet. Det viktigaste alternativen som blir diskutert er å gje ein annan odelen.

Begge undersøkingane syner at for majoriteten av gardbrukarar har det ikkje vore motførestellingar inne i bildet mot overtakinga. Om lag  $\frac{1}{4}$  har imidlertid vore borti dette. Den kvalitative undersøkinga avslørte at det i få tilfelle vert ført ein open prosess når dette temaet vert diskutert. Dette vart delvis bekrefta i den kvantitative undersøkinga. Når dei som hadde motførestellingar mot overtakinga vert spurt om temaet var vanskeleg å snakka om, svarar om lag halvparten av desse at dette er meir eller mindre vanskeleg. Når vi snur spørsmålet og spør korleis det er å snakka med eigne barn om neste overtaking, er biletet imidlertid eit anna. Her er det færre som oppgjer at dette er eit problem. Tolkinga av dette kan vera at i den generasjonen som skal overta gardsbruk er det ei undergruppe som opplever det vanskeleg å prate om ulike løysingar knytt til overtakinga. Foreldregenerasjonen opplever imidlertid ikkje problemet som like påtrengande. Dette funnet står i kontrast med at svært mange av gardbrukarane som har barn over 18 år oppgjer at dei ikkje veit om barna er interessert i å overta. Kontrasten kan skuldast at neste generasjon faktisk treng lang tid på å bestemme seg for overtaking og at dei dermed ikkje veit om dei skal overta. Eller vi kan vera vitne til ein

illusjon hjå foreldre generasjonen, dvs at dei sjølv opplever kommunikasjonen til neste generasjon som betre enn det den faktisk er. Tredje mulighet er sjølvsagt ein kombinasjon av desse to grunnane.


## ***6.2 Korleis vurderer gardbrukarane i Sogn og Fjordane framtidsutsiktene sine?***

Mange gardbrukarar i undersøkinga vurderer framtidsutsiktene i næringa som mindre bra. Om lag halvparten er ueinige i påstanden om at ”framtidsutsiktene i næringa er gode”, i underkant av 20 % meiner ikkje så mykje om spørsmålet og resten, om lag 30 % er enige i påstanden. Sjølv om det er ein svak overvekt av pessimisme, er det også ei undergruppe som har svært stor tru på framtida (om lag 5 %).

Trass i at mange gardbrukarar vurderer framtidsutsiktene som mindre bra, ser likevel dei fleste gardbrukarane føre seg drift på gardsbruket i eit 5 års perspektiv. Halvparten av gardbrukarane er sikre på dette og om lag 25 % er svært sikre. Vi kan vidare tolka resultata slik at om lag 15 % av gardbrukarane sterkt vurderer nedlegging av bruket i løpet av neste 5 års periode, medan om lag 15 % vurderer nedlegging men i svakare grad.

## ***6.3 Kva er dei viktigaste grunnane til vurderingane av framtidsutsiktene?***

I dette avsnittet skal vi freiste å identifisere dei viktigaste årsakene til at gardbrukarane vurderer framtidsutsiktene slik som dei gjer. Vi tek då utgangspunkt i den teoretiske modellen frå kapittel1 og testar alle relasjonane i den. Til dette nyttar vi ein statistisk teknikk som vert kalla regresjonsanalyse (Greene 2003). Regresjonsanalyse er ein kausal teknikk. Her nyttar vi ein avhengig variabel som representerer verknaden i studien og ein eller fleire uavhengige variablar som representerer årsaken. Ser vi på figur 6.1, så ser vi at til høgre finn vi variabelen ”intensjon”. Dette er då intensjonen gardbrukarane har for å halda fram med drifta på bruket. Dette blir den avhengige variabelen. Til venstre ser vi dei 4 uavhengige variablane ”Tilfredshet og verdiar”, ”økonomi”, ”kontroll over omstendigheter” og ”rolleforventningar”. Dette blir dei uavhengige variablane i analysa. Ein meir utførleg forklaring av variablane ligg i kapittel 2.



*Figur 6.1: Teoretisk modell.*

I den kvantitative undersøkinga er dei fem variablane målte på denne måten: Intensjon er målt ved å ta gjennomsnittet av dei to påstandane ”Eg vurderer framtidsutsikta i næringa som gpd” og ”Dersom vi ser 5 år fram i tid vil eg framleis ha drift på garden”. Tilfredshet og verdiar er målt ved å ta gjennomsnitt av dei fire påstandane ”Eg er tilfreds med arbeidet mitt som gardbrukar”, ”eg synest at arbeidet eg gjer som gardbrukar er verdifullt”, ”fagmiljø betyr mykje for meg” og ”sosial kontakt er viktig for meg”. Økonomiske forklaringar er målt ved gjennomsnitt av dei to påstandane ”inntekta mi har auka i løpet av dei 5 siste åra” og ”tilskota mine har auka i løpet av dei 5 siste åra”. Vidare er Kontroll over omstende målt ved dei fire påstandane ”Som gardbrukar får eg nok fritid”, ”kveldsarbeid er ikkje noko problem for meg”, helgearbeid er ikkje noko problem for meg” og ”det er lett for meg å skaffa meg hjelptil gardsdrifta”.

Dei som oppgjer enten ”familien forventa at eg skulle overta gardsbruket”, ”plikt” eller ”ansvar” som grunnar til at dei overtok gardsbruket, vart registrert med at dei har opplevd rolleforventningar. Her lagar vi det som vert kalla ein dummyvariabel (Greene 2003; Linnerud, Oklevik et al. 2004). Ein dummyvariabel er ein kategorisk variabel med verdi 1 eller 0. Her har dei som er utsett for rolleforventningar verdien 1 og resten av utvalget verdien 0.

Regresjonsanalyse vart utført ved hjelp av statistikk programmet SPSS. Under, i tabell 6.1 finn vi utskrifter frå analysa:

#### Model Summary

Model	R	R Square	Adjusted R Square	Std. Error of the Estimate
1	,674(a)	,455	,445	1,31990

a Predictors: (Constant), økonomi, rolleforventninger, tilfredsogverdi, Kontroll2

#### Coefficients(a)

Model	Unstandardized Coefficients		Standardized Coefficients	t	Sig.
	B	Std. Error	Beta	B	Std. Error
1 (Constant)	-,916	,470		-1,949	,053
Kontroll2	,256	,071	,205	3,583	,000
tilfredsogverdi	,505	,089	,310	5,693	,000
rolleforventninger	,290	,202	,071	1,433	,153
økonomi	,374	,055	,376	6,825	,000

a Dependent Variable: intensjon

Tabell 6.1: Regresjonsanalyse som reflekterer den teoretiske modellen i studien.

Tabell 6.1 syner at den teoretiske modellen forklarar 44,5 % av variansen i datasettet, noko som er eit brukbart nivå for spørjeundersøkingsdata. Vidare får vi ein signifikant effekt av variablane ”økonomiske forhold”, ”tilfredshet og verdiar” og ”kontroll over omstende”. Variabelen ”rolleforventningar” har derimot ingen signifikant effekt på ”intensjon”. Den viktigaste varaibelen er ”tilfredshet og verdiar” som står for den sterkeste effekten på ”intensjon”.

Vi kan vidare testa om Variablene ”økonomiske forklaringar” og ”kontroll over omstende” gjensidig påverkar kvarandre. Dette gjer vi ved å køyra ei enkel regresjonsanalyse med ”kontroll over omstende” som avhengig variabel og ”økonomiske forklaringar” som den uavhengige variabelen.

#### Model Summary

Model	R	R Square	Adjusted R Square	Std. Error of the Estimate
1	,409(a)	,167	,163	1,29581

a Predictors: (Constant), økonomi

**Coefficients(a)**


Model	Unstandardized Coefficients		Standardized Coefficients	t	Sig.
	B	Std. Error	Beta	B	Std. Error
1 (Constant)	2,617	,161		16,244	,000
økonomi	,326	,048	,409	6,718	,000

a Dependent Variable: Kontroll2

Tabell 6.2: Regresjonsanalyse med ”kontroll over omstende” som avhengig variabel og ”økonomiske forklaringar” som uavhengige variabel.

Tabell 6.2 syner at det er ein signifikant effekt av variabelen ”økonomiske forklaringa” på ”kontroll over omstende”

Den teoretiske modellen kan dermed oppsummerast slik:



Figur 6.2: Oppsummering av resultat fra den kvantitative studien.

## 7 Konklusjon

Undersøkingane synte at gardbrukarane er tilfredse med arbeidet sitt, dei synest også at arbeidet er verdifullt. Ein stor del av gardbrukarane synest dei har for lite fritid. Dersom ein skal rangera problema med fritid, så er kveldsarbeid det minste problemet, helgearbeid eit noko større problem medan det største problemet er manglande ferie.

Mange gardbrukarar i undersøkinga vurderer framtidsutsiktene i næringa som mindre bra. Om lag halvparten er ueinige i påstanden om at "framtidsutsiktene i næringa er gode", i underkant av 20 % meiner ikkje så mykje om spørsmålet og resten, om lag 30 % er enige i påstanden. Sjølv om det er ein svak overvekt av pessimisme, er det også ei undergruppe som har svært stor tru på framtida (om lag 5 %).

Trass i at mange gardbrukarar vurderer framtidsutsiktene som mindre bra, ser likevel dei fleste gardbrukarane føre seg drift på gardsbruket i eit 5 års perspektiv. Halvparten av gardbrukarane er sikre på dette og om lag 25 % er svært sikre.

Den viktigaste forklaringa på dette funnet finn vi på punkta tilfredshet og verdiar. Dess meir tilfredse gardbrukarane er og dess meir verdifullt dei vurderer yrket sitt, dess sterkare er intensjonen til å halda fram med drifta. Også økonomiske forhold og kontroll over omstende er med på å forklare framtidsutsiktene i næringa. Dess betre økonomiske rammevilkår ein gardbrukar har, dess meir sannsynleg er det at vedkomande held fram med drifta. Dette funnet er i samsvar med tidlegare økonomisk forsking på feltet (Gåsdal 1992; Bjørnsen 1999). Vidare vert det funne kontroll over omstende kan spela ei rolle. Dess lettar ein gardbrukar får tak i hjelp til gardsarbeidet dess større vil intensjonen vera for å halda fram med drifta.

I studien fann vi ikkje noko effekt av rolleforventningar knytt til overtaking av gardsbruket hadde nokon effekt på intensjon gardbrukarane har til å halda fram med drifta.

Studien viser vidare at det samla investeringsbehovet dei komande åra for landbruksnæringa i fylket ligg på om lag 1,7 milliardar kroner. Truleg vert berre om lag 500 millionar kr av desse investeringane gjennomførte.

## Litteraturliste

- Bjørnsen, H.-M. (1999). The Time-Allocation of Norwegian Farm Households, NIBR.
- Fishbein, M. and I. Ajzen (1975). Belief, attitude, intention and behavior an introduction to theory and research. Reading, Mass., Addison-Wesley.
- Greene, W. H. (2003). Econometric analysis. Upper Saddle River, N.J., Prentice Hall.
- Gåsdal, O. (1992). Effekter av økonomiske virkemidler på bruksstrukturen i jordbruket : en studie basert på paneldata. Ås, Norges landbrukshøgskole, Institutt for økonomi og samfunnsfag.
- Gåsdal, O. (1992). Nedleggings av bruk og skifte av produksjonsretning. Landbruk i endring. J. Simonsen and A. Vatn. Oslo, Universitetsforlaget.
- Holgersen, L. P. (2000). Bønders tilpassning i arbeidsmarkedet. Hovedoppgave i sosialøkonomi, Universitetet i Bergen.
- Linnerud, K., O. Oklevik, et al. (2004). Statistisk analyse med SPSS. Sogndal, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Avdeling for økonomi og språk.
- Weersink, A. (1992). "Off-Farm Labor Decisions by Ontario Swine Producers." Canadian Journal of Agricultural Economics-Revue Canadienne D Economie Rurale **40**(2): 235-251.
- Ugelstad, S og Lunde, C (2008). Bachelor oppgåve i økonomi og adminstrasjon. Høgskulen i Sogn og Fjordane.